



Gardar-Olav Frøyen  
Mjåtveitmarka 44 B  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13677 - 21/24587

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
siril.therese.sylta@alver.kommune.no

Dato:  
13.04.2021

## Informasjon om politisk handsaming og synfaring - gbnr 349/15 lo

Det vert vist til klage på avslag på søknad om bruksendring av sjøbu og fasadeendring.

Saka skal handsamast av Utval for areal, plan og miljø i møte den 21.04.2021.

I samband med handsaminga av saka vil Utval for areal, plan og miljø at det vert gjennomført synfaring på eigedommen. På grunn av covid-19 og omsyn til smittevern kan ikkje utvalet kome på fysisk synfaring. Synfaringa blir gjennomført med drone, der bilete og film frå droneflyginga blir lagt fram i det politiske møtet.

Tidspunkt for dronesynfaring er **torsdag 15.04.2021 kl. 10.00**. Det er Joakim Haukedal som vil gjennomføre synfaringa på vegne av kommunen. De kan vere tilstades når synfaringa vert gjennomført dersom de ønskjer, men det er ikkje nødvendig for gjennomføring av synfaring. Som part i saka får de legge fram dykkar synspunkt i saka i **møtet den 21.04 kl. 12.30**. Eiga innkalling til dette blir sendt til dykk.

Det politiske møtet vert halde digitalt.

For å sjå møteinnkalling med sakspapir, gå til Alver kommune si heimeside, gå til politisk møtekaldender, velg Utval for areal, plan og miljø og aktuell møtedato. Lenka finn de her: [Utval for areal, plan og miljø 21.04.2021 \(sing.no\)](#)

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta  
tenesteleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Gardar-Olav Frøyen  
Jan Mittet  
Solveig Mittet

Mjåtveitmarka 44 B  
levegen 186  
Mjåtveitmarka 44 B

5918 FREKHAUG  
5917 ROSSLAND  
5918 FREKHAUG

**Mottakarar:**

Gardar-Olav Frøyen  
Jan Mittet  
Solveig Mittet

Mjåtveitmarka 44 B  
levegen 186  
Mjåtveitmarka 44 B

5918 FREKHAUG  
5917 ROSSLAND  
5918 FREKHAUG